

Ryvarden krets av Norges speiderforbund

Årsmelding for 2025



ALLTID BEREDT

1 Speidargrupper

Av dei 18 gruppene som står som aktive i 2025 er det 3 som ikkje har aktivitet. Det reelle talet på aktive grupper er difor 15.

År	Antal
2021	19
2022	18
2023	18
2024	18
2025	18

2 Betalande medlemmar

Oversikt over antal betalende medlemmar dei siste fem åra. I 2025 har kretsen hatt ei auke på 12 medlemmar. Dette tilsvarer ein oppgang på 1,83% samanlikna med 2024.

År	Antal
2021	729
2022	738
2023	739
2024	657
2025	669

3 Kretsstyret

Kretsstyret har hatt 4 styremøter og har behandla 34 saker. Kretsstyret har hatt følgande samansetning.

Verv	Navn	Gruppe
Kretsleiar	Magnus M. Aronsen	Førdespeidarane
Visekretsleiar	Anna Tveit	Buaspeidarane
Styremedlem	Øystein Østensen	1.Leirvik speidargruppe
Styremedlem	Amalia Lodden	Førdespeidarane
Styremedlem/Roverrepresentant	Marcus Mannes	Åkra speidargruppe
Varamedlem	Magnus Molland	1.Leirvik speidargruppe
Varamedlem	Carina Røthing Nilsen	Åkra speidargruppe
Varamedlem/Roverrepresentant	Tiril Nævdal	1.Leirvik speidargruppe

4 Tilsette og kretskontor

Ryvarden krets har hatt følgende tilsette/verv i 2025.

Tidsrom	Navn	Stilling
Heile året	Hildegunn L. Fjelland	Kretssekretær (20 %)
Heile året	Espen Fosse	Kasserar og rekneskapsfører (Frivillig verv)

Kretskontoret vert drifta som heimekontor utan faste opningstider. I 2019 vart kasserar eit eige ulønna verv i kretsen.

5 Revisor

Kretsens revisor har vore Nils Himle (tidlegare medlem i Finnås speidargruppe).

6 Komitear og utval

Komitear og utval har vore samansett som følger. Kretsen har ikkje hatt roverutval i 2025.

	Navn	Gruppe
Kretskonkurransekomite	Magnus M. Aronsen	Førdespeidarane
	Karl Petter Økland	Meling speidargruppe
	Mathilde M. Aronsen	Førdespeidarane
	Mathis Bardix	Førre Aksdal KM
Valkomite	Tor Litlabø	1.Leirvik speidargruppe
	Kjell Mannes	Åkra speidargruppe
	Andrea M. Mjønes	1.Leirvik speidargruååe
Utval speiding		
Hyttevertar Hedleitun	Karl Andreas Karlsen	1.Vedavågen sjøsp.gr.
	Kristian Økland	Førdespeidarane
	Tom Frode Hansen	Skår speidargruppe
Leirplasskomitè	Magnus M. Aronsen	Førdespeidarane
	Anna Tveit	Buaspeidarane
	Andrea M. Mjønes	1.Leirvik speidargruppe
Roverutval		

7 Aktivitetar

Følgande aktivitetar vart arrangert i regi av Ryvarden krets i 2025. Året starta med emnekurs og kretstingets årsmøte hos Buaspeidarane. Det vart arrangert emnekurs for speidarane, samt ein sosial kveld for leiarar. I mars vart det arrangert dugnad på Hedleitun der hytta fekk fleire oppgraderingar. I april var det klart for den årlege kretskonkurransen, som i år vart arrangert av kretsstyret på Lier. Det var ei vellukka helg med flinke speidarar! Kretsen sendte fire patruljar vidare til NM i speiding på Nordtangen. I sommar var det endeleg tid for landsleir igjen, og for fyrste gong saman med KM-speidarane. Denne gongen var det samla ca.10 500 deltakarar i Gjøvik, og Ryvarden var godt representert.

Hausten kom og kretsens helg baud på eit spanande kurs i fridykking for vandrane i kretsen. Det vart også arrangert blåtur for roverane, der dei fekk oppleve mykje kjekt i Bergen. I september sto ekstraordinært årsmøte for tur, med godt oppmøte og stort engasjement. Året vart i tradisjonelt avslutta med eit koseleg julemøte på Hedleitun.

Dato	Aktivitet	Teknisk arrangør	Stad	Deltakarar
7. feb.	Emnekveld. Kurs for speidarar. Samling for roverar og leiarar.	Buaspeidarane	Bua	23 deltakarar + teknisk
3. feb.	Kretstingets årsmøte	Buaspeidarane	Bua	39 stemmeb. 3 observatørar
21.-23. mars	Kretsens helg	Utval speiding	Avlyst	Avlyst
21.-23. mars	Dugnad Hedleitun	Hytttevertar	Hedleitun	10-15
4.-6. april mai	Kretskonkurransen	Kretsstyret	Lier	18 patruljar
6.april	Småspeiderkonkurransen	Kretsstyret	Lier	10 kull
13.-15. juni	NM i speiding	NSF	Hadeland	4 patruljar
5.-12. juli	Speidernes landsleir	NSF og KFUK/KFUM	Gjøvik	Ca.10 500
22.-24. aug.	Kretsstyresamling	Kretsstyret	Bergen	6 deltakarar
19.-21. sept.	Kretsens helg – kurs i fridykking for vandrane	Kretsstyret	Sveio	16 deltakarar
19.-21. sept.	Kretsens helg – kurs for roverar og leiarar	Kretsstyret	Sveio	Avlyst
29.sept.	Ekstraordinært kretsting	Kretsstyret	Hedleitun	34 stemmeb.
3.-5. okt.	Blåtur for roverar	Magnus M. Aronsen	Bergen	8 deltakarar
Oktober	Dugnad Hedleitun	Hytttevertar	Hedleitun	-
1. des.	Julemøte	Kretsstyret	Hedleitun	20 deltakarar

Kretsen har ikkje motteke nokon søknadar om stønad til deltaking på roverarrangement. (jf. vedtaket som vart gjort i sak 5 på kretstingets årsmøte 2019). Kretsstyret har vedtatt å innvilge ein søknad om stønad til deltaking på leiarkurs utanfor kretsen.

Småspeidarkonkurransen, kretskonkurransen og NM

Dei tre beste kulla i småspeidarkonkurransen var:

Plassering	Kull	Gruppe
1. plass	Blått kull	Meling speidargruppe
2. plass	Ørn	1.Leirvik speidargruppe
3. plass	Kanin	Skånevikspeidarane

Kretskonkurransen vart arrangert av Ryvarden krets for Ryvarden krets av NSF og Haugaland krets av Noregs KFUK-KFUM-speidarar. Dei fire beste patruljane frå Ryvarden krets, som kvalifiserte seg til NM, var:

Plassering	Patrulje	Gruppe	Plassering i NM
1. plass	Ekorn	Meling speidargruppe	11.plass
2. plass	Rødrev	Førre Aksdal KM	
3. plass	Rev	Buaspeidarane	103.plass
4. Plass	Fjellrev	Førre Aksdal KM	
5. Plass	Badeand jr.	Åkra speidargruppe	59.plass
6. Plass	Oter	Meling speidargruppe	41.plass

8 Deltaking utanom egne arrangement

Oversikt over arrangement som tilsette og tillitsvalte i kretsen har deltatt på utanfor kretsen.

Dato	Arrangement	Stad	Navn	Gruppe
28.-30.mars	KL-KS våren 2025 og Roverombudsamling	Elverum	Magnus M. Aronsen Carina Røthing Nilsen Marcus Mannes	Førdespeidarane Åkra speidargruppe Åkra speidargruppe
10.-12.okt	KL-KS hausten 2025	Horten	Anna Tveit	Buaspeidarane

Magnus M. Aronsen
Kretsleiar